

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 024, FE - 002	15/30

Saknr	Utval	Type	Dato
055/2016	Formannskapet	PS	14.06.2016
040/2016	Kommunestyret	PS	22.06.2016

## Kommunereforma - endeleg avgjerd

### Vedlegg:

**Journalposttittel** **Dato**  
Møtebok frå valstyret 23.05.2016 - etter rådgjevande folkerøysting om  
kommunereforma 25.05.2016

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Kommunestyret vedtek at Masfjorden kommune held fram som eigen kommune**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Alle kommunar i landet skal innan utgangen av juni 2016 ta stilling til om ein vil slå seg saman med andre kommunar, eller halda fram som eigen kommune.

#### Uttale

Framlegg til vedtak byggjer på resultat rådgjevande folkerøysting og vedtak gjort i Kommunestyresak 21/16 av den 28.04.2016, og med innstilling tidleg april 2016, i samband med handsaming av;

**021/2016 Kommunereforma - vurdering av Masfjorden som eigen kommune i framtida**

Etter ei samla vurdering av dei oppgåvane kommunane har i dag, nye oppgåver som er signalisert til kommunane (oppgåvemeldinga), økonomisk grunnlag (noverande inntektssystem og høyringsforslag nytt inntektssystem, kor geografiske tilhøve med store avstandar gjer at Masfjorden får behalde basistilskotet fullt ut), gjer at utgreiingsalternativet å halde fram som eigen kommune er realistisk og eit godt alternativ.

#### Tenester

- Masfjorden kommune yter gode kommunale tenester med høg brukartilfredsheit

- Brukarnære tenester kan løysast av Masfjorden kommune i eigenregi, som barnehage – skule – lege – helsetenester – heimehjelp – sjukeheim – kultur – kulturskule – tekniske tenester etc.
- Spesialiserte tenester og funksjonar kan dekkast gjennom noverande interkommualt samarbeid, med god erfaring som innan IKT – legevakt – barnevern – brann og redning, renovasjon etc.
- Masfjorden skal arbeide for best mogleg tilbod kor stat og fylkeskommune har ansvaret – vegar, og realsering av Masfjordsambandet/bru – vegar - regional utvikling - politi – ambulanse etc.

#### **Samfunnsutvikling**

- Masfjorden – vekst i folketetalet dei seinare år, kraftig vekst i distriktsindeksen som grunnlag av ei positiv samfunnsutvikling.
- Masfjorden kommune skal syta for framtidsretta samferdselsføremål, arealplanlegging, bustadbygging i takt med behov, næringsutvikling etc.
- Samarbeida med nabokommunane for å komma fram til gode regionale løysingar

#### **Lokaldemokrati**

- Sikre nærliek, lokal representasjon og engasjement med å halde fram med 17 medlemmer i kommunestyret og 5 i formannskapet
- Reell innbyggjarmedverknad

#### **Økonomi**

- Masfjorden har god økonomi og økonomistyring
- Arbeide for inntektssystem som sikrar ulempedekking for avstandar og distrikt
- Arbeide for å sikre kraftkommunane sine rettar
- Arbeide for å sikre effektiv drift
- Forslag til nytt inntektssystem, des. 2015. Ut i frå signal før høyringa vart lagt fram, kunne bortfall av småkommunetilskot og basistilskot reknast med – i sum utgjer desse forholda nær 20 mill.kr., og dette i ein periode med nedgang i kraftprisane ville dette ha gjort det vanskeleg å halde fram som eigen kommune.

Høyringsforslaget inneber m.a. at Masfjorden vert definert som ufrivillig liten kommune, då det er lange avstandar for å nå større sentra, og får behalde basistilskotet fullt ut. KS har kalkulert endringsframleggget til å medføre ein nedgang med 0,5 mill.kr. for Masfjorden


- Arbeidsgjevaravgift, uendra sone ved å stå som eigen kommunen (+ evt. Gulen), auka kostnad med 4-7 mill.kr. om ein inngår i Nordhordland kommune

Eigedomskatt, usikkerheit, men her kan det bli både + og - i høve no situasjonen

#### **Høyring**

Den 23.mai 2016 vart det halde rådgjevande folkerøysting. Resultatet synte at 70% ønskte at Masfjorden held fram som eigen kommune, 17% stemde for samanslåing med Nordhordland og 13% for Gulen. Valdeltakinga var på heile 64%.

#### **Fakta**



Tidsramme for arbeidet inneber at kommunane må gjøre ei endeleg avgjerd innan 30. juni 2016. Stortingshandsaming av ny kommunestruktur skal etter planen skje innan 1.halvår 2017, og ein legg til grunn at samanslåingane vil setjast i verk seinast frå 1. januar 2020.

Masfjorden har utgreidd 3 alternativ;

- halde fram som eigen kommune,
- Nordhordland (alle eller deler av noverande kommunar i regionen)
- Masfjorden, Gulen, og (alt. Solund - Høyanger sør – Modalen)

For meir informasjon om kommunereforma, gå inn på kommunen si heimeside og vidare til kommunereform med sentrale linkar til mykje relevant dokumentasjon.

### Vurdering

Masfjorden kommune har køyrt eit grundig utgreiingsarbeid med kommunereforma, som dannar eit godt grunnlag for at det kan takast endeleg stilling til framtidig kommunestruktur.

### Konklusjon

Med bakgrunn i utgreiingane og folkerøystinga tilrår ein at Masfjorden kommune held fram som eigen kommune

### Formannskapet - 055/2016

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samråystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - vedtak:**

**Kommunestyret vedtek at Masfjorden kommune held fram som eigen kommune**

**Kommunestyret - 040/2016**

**KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samråystes vedteke.

**KS - vedtak:**

**Kommunestyret vedtek at Masfjorden kommune held fram som eigen kommune**